# Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Alver kommune

**Heimel: Vedtatt av Alver kommunestyre x.x.20xx med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 26 og FOR-2002-03-22-313 Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a**

**§ 1 Føremål**
**For å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik, er det opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved ordinær jakt på hjort i ope terreng i Alver kommune,**

**§ 2 Verkeområde**
**Forskrifta gjeld innanfor grensene til Alver kommune.**

**Forskrifta er ikkje til hinder for at grunneigarar, vald eller bestandsplanområde kan fastsetje eigne avgrensingar for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel på sine areal, mellom anna tidsavgrensingar for bruk, avgrensingar til kjønns- og alderskategoriar eller forbod.**

**§ 3 Rapporteringsplikt**
**Jegerar skal rapportere bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.**

**Tenner frå alle vaksne hanndyr som blir felte ved bruk av termiske siktemiddel, skal sendast til kommunen for aldersestimering etter avslutta jaktsesong.**

**§ 4 Uttaksprofil ved bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel**
**Uttaket skal ha ein bestandsreduserande og/eller bestandsrestaurerande effekt på den attverande hjortebestanden.**

**Uttaksprofilen ved bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel skal vere i samsvar med kommunen sine på førehand fastsette økologiske prinsipp for uttak av hjort. Uttaket skal som eit minimum oppfylle kommunen sine kvalitetsnormer for uttaksindeksar i kategorien «middels».**

**§ 5 Evaluering**
**Forskrifta skal vurderast seinast i 2030, i samband med revidering av dei kommunale målsetjingane for hjort.**

**§ 6 Ikraftsetjing**

**Forskrifta trer i kraft X.X.2026.**